



Fylkesmannen i Hordaland
Tor G. Turøy
Postboks 7310
5020 BERGEN

Deres ref.:

Vår ref.: 17/461

Vår dato: 21.11.2017

Saksbehandler: Mari Pleyrn // Forebygging- og
deltakelseskontoret

Spørsmål om sosialstønad til buutgifter

Det blir vist til brevet vårt av 5.mai 2017 der vi har svart på spørsmål om sosialstønad til buutgifter. De stiller spørsmål ved svaret vårt, og da om ein ved berekning av sosialstønad kan sjå bort frå den husleiga som er fastsett i leigekontrakten, dersom den som søker sosialstønad er ung og bur hjå foreldra, sjølv om foreldra ikkje lenger har forsørgjarsvar etter barnelova. De stiller spørsmål om det i så tilfelle er avgjerande om ungdom bur i ei sjølvstendig utleigeining eller ikkje.

Det vi svarte i brevet datert 5. mai d.å, er at alle søknader frå ungdom skal vurderast konkret og individuelt i den enkelte saken. Foreldre har i utgangspunktet ikkje forsørgingsbyrde overfor unge over 18 år. Dersom ungdommen ikkje er under vidaregåande opplæring, men bur heime, vil det vere naturleg og rimeleg å leggje til grunn at han/ho betaler noko for å bu i bustaden til foreldra. Det er ikkje høve til å avslå søknader frå ungdom med bakgrunn at dei bur heime hjå foreldra. Det skal takast ei konkret vurdering av reelle utgifter til livsopphald, herunder bugifter.

De spør om ein kan sjå bort frå husleiga som er fastsett i leigekontrakten. Ein står fritt til å inngå dei avtalar ein vil, til dømes husleigekontraktar. Avtalene er bindande for partane, men på den andre sida er det ikkje slik at det offentlege er pliktig til å dekke einkvar forplikting som ein part har tatt på seg. Det ein tenestemottakar har krav på, er å få dekt utgifter på eit rimelig og nøkternt nivå.

Som vi omtalte i førre brev, er buform, altså om ein bur på gutte- eller jenterommet eller disponerer eit sjølvstendig utleigeobjekt (som kjellar), av tyding for berekning av stønaden. Her blir det naudsynt for NAV-kontoret å gjere ei konkret vurdering av saka basert på kjennskap til dei lokale forholda og marknaden. Når det gjelder stønad til buutgifter for gutte- eller jenterommet, vil det særleg vere aktuelt å sjå på kva ein ville fått på den opne marknaden.

NAV // ARBEIDS- OG VELFERDSDirektoratet // ARBEIDS- OG TJENESTEAVDELINGEN

Postadresse: Postboks 5 St. Olavs plass // 0130 Oslo

E-post: arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no

www.nav.no //

Med hilsen

Tormod Moland
kontorleder
Forebygging- og deltakelseskontoret

Mari Pleym
rådgiver
Forebygging- og deltakelseskontoret

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur